



Innst. 84 S

(2015–2016)

Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

Prop. 23 S (2015–2016), kap. 926, 927, 928 og 3927

Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2015 under Nærings- og fiskeridepartementet

Til Stortinget

Samandrag

Regjeringa v/Nærings- og fiskeridepartementet gjer i proposisjonen framlegg om desse endringane på statsbudsjettet for 2015:

Kap. 926 Drift av forskingsfartøy

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekkjer utgifter knytte til bygging av nytt isgåande forskingsfartøy.

Havforskningsinstituttet har ansvaret for å gjennomføre anskaffinga, og har inngått kontrakt med verftsgruppa Fincantieri om bygging av fartøyet. Mellom anna på grunn av tilleggsavtale mellom Havforskningsinstituttet og verftet om ytterlegare betaling og forskyving av framdriftsplanen er det ikkje mogleg å gjennomføre kontraktsfesta utbetalingar i tråd med faktisk framdrift innanfor den løyvinga som er vedteken på posten for 2015.

På denne bakgrunn gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 109,8 mill. kroner. Dette påverkar ikkje den totale kostnadsramma for prosjektet.

Kap. 927 NIFES

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga dekkjer utgifter knytte til oppdragsaktiviteten og motsvarast av tilsvarande inntekter under kap. 3927 post 1. Oppdragsaktiviteten har blitt

mindre enn det som blei lagt til grunn i saldert budsjett 2015.

På denne bakgrunn gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 17,4 mill. kroner.

Kap. 928 Annan marin forskning og utvikling

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Det vil venteleg bli høgare utgifter på denne posten som følgje av høgare anslag på førstehandsverdien på omsetjing av fisk i 2015 enn det som vart lagt til grunn ved budsjetteringa av posten.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 29 mill. kroner.

Kap. 3927 NIFES

Post 1 Oppdragsinntekter

Departementet syner til omtale under kap. 927 post 21 og gjer framlegg om å redusere løyvinga med 17,4 mill. kroner.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Christian Tynning Bjørnø, leiareren Trond Giske, Martin Henriksen, Tone Merete Sønsterud og Marianne Aasen, frå Høgre, Henrik Asheim, Norunn Tveiten Benestad, Kent Gudmundsen og Kristin Vinje, frå Framstegspartiet, Sivert Bjørnstad og Bente Thorsen, frå Kristeleg Folkeparti, Anders Tyvand, frå Senterpartiet, Anne Tingelstad Wøien, frå Venstre, Iselin Nybø, og frå Sosialistisk Venstreparti, Torgeir Knag Fylkesnes, har ikkje merknader og sluttar seg til proposisjonen.

Tilråding frå komiteen

Komiteen syner til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2015 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
926		Forsningsfartøy	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 351 300 000 til kr 461 100 000	109 800 000
927		NIFES	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 80 113 000 til kr 62 713 000	17 400 000
928		Annan marin forskning og utvikling	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 151 000 000 til kr 180 000 000	29 000 000
Inntekter			
3927		NIFES	
	1	Oppdragsinntekter, blir redusert med frå kr 83 913 000 til kr 66 513 000	17 400 000

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 1. desember 2015

Trond Giske

leiar

Marianne Aasen

ordførar